



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Iflg. vedlagte adresseliste

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		133403/2018	Øyvind Herigstad, 71 28 02 76	14.12.2018

## Høring - Innføring av AutoPASS takstregulativ på ferjesamband

Møre og Romsdal Fylkeskommune vil invitere kommunar og andre interessentar til å kome med innspel på Autopass-takstregulativet for ferje.

Det vil frå 01.01.2019 bli opna for bruk av Autopass Ferjekort på ferjesamband i Møre og Romsdal. For at brikkebetaling skal kunne innførast, så må også Autopass-takstregulativet bli tatt i bruk. Dette regulativet har som føresetnad at passasjerar ikkje skal betale, noko som medfører at takstar for bil må aukast for å oppretthalde inntektsnivået i ferjedrifta. Det er på grunn av denne prisendringa at vi ynskjer å sende ut Autopass- regulativet på høyring. Dette er nærare omtalt i det vedlagte notatet.

I det vedlagte notatet er konsekvensar for brukarane og fylkeskommunen utgreidd. Det er takstregulativet for 2018 som er analysert i notatet. Dette regulativet er lagt ved saka. Vi har også lagt ved saksframlegget og vedtaket som vart gjort i samferdselsutvalet i samband med vedtaket om å sende regulativet ut på høyring.

Høyringsfrist er satt til **25. februar 2019**.

Om det er spørsmål, så kan desse rettast til Hilde Johanne Svendsen ved samferdselsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune, e-post: [hilde.johanne.svendsen@mr fylke.no](mailto:hilde.johanne.svendsen@mr fylke.no)

Med helsing

Arild Fuglseth  
samferdselssjef

Øyvind Herigstad  
rådgivar

Vedlegg

- 1 Saksframlegg SA-80-18 05.12.2018
- 2 Protokoll SU 05.12.2018 AutoPASS
- 3 Autopass- Konsekvensar for brukarane, og verknader for fylkeskommunen sine inntekter 28.11.2018
- 4 Autopass - regulativ for ferjetakster 2018 (fra 1.mars)
- 5 Autopass - regulativ for ferjetakster 2018 fra 1. mars (pristabell inkl. mva)
- 6 Adresseliste